



MØTEINNKALLING

Arkivsak: 12/151

Løpenummer: 12/2672

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 25.04.2012

Tid: Kl. 16.00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandssosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
024/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 22.02. OG 26.03.2012
025/12	KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK
026/12	TILSKOT TIL VETERINÆRANE - JUSTERING AV AVTALE
027/12	SAMARBEIDSPROSJEKT OM LANDBRUKSTENESTER I FUSA OS OG SAMNANGER – UTVIDA MED TYSNES KOMMUNE
028/12	KARTLEGGING, VURDERING VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE EIGEDOMAR 2011
029/12	UTBYGGING AV FV 125 HOLMEFJORD VED NORE FUSA SKULE - MONTERING AV VEGLJOS
030/12	UTBYGGING AV BOSSNETT I BERGEN - BIR AS – SJØLVSKULDNARGARANTI FOR LÅN

- 031/12 SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL 23/32.
- 032/12 SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL
STALLABROTVEGEN 19
- 033/12 SKRIV OG MELDINGER
- 034/12 RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 -
2016 - HØYRING
- 035/12 PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012 –
RAPPORT PR 10 04 2012
- 036/12 FUSALAUGET 2012
- 037/12 FUSA KOMMUNE SOM MEDSKIPAR AV KYSTSOGEVEKENE
- 038/12 DELEGERTE SAKER

Eikelandsosen, 17. april 2012

Hans S. Vindenes
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
024/12	Formannskapet	25.04.2012	HOP

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 22.02. OG 26.03.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 22.02 og 26.03.2012 vert godkjend

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokollane frå møta 22.02 og 26.03.2012

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		BFL
003/12	Formannskapet	22.02.2012	ALA
002/12	Kommunestyret	07.03.2012	ALA
025/12	Formannskapet	25.04.2012	BFL

Sakshandsamer: Anne-Lise Aaseng

Arkivsaknr 11/690

KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tilsettingsstoppen vert oppheva frå 8.3.2012.

Innsparingane knytt til Eikelandsosen skule og Jettegryto barnehage vert fordelt på alle skulane med kr 100 000 og alle barnehagane med kr 100 000 etter same prinsipp som i ressursfordelingsmodellen for skule og for barnehage. Rådmannen får fullmakt til å fastsetja nye nettorammer for dei berørte einingane.

Kommunestyret får ein presentasjon før ferien av prosjekt kommunen jobbar med knytt til samhandlingsreforma. Det politiske systemet definerer nærare prosess og føremål med at konklusjonane i skulebruksplanen og velferdsplanen, gode kår i alle år, skal handsamast politisk våren 2012.

Økonomiplanen viser ein kraftig ubalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmannen og Formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiplanprosess.

07.03.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-002/12 VEDTAK:

Tilsetjingsstoppen vert oppheva frå 8.3.12. Det skal ikkje opprettast nye stillingar.

Saka vert utsett. Økonomiplanen viser ein kraftig underbalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmann og formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiproess. Det skal kallast inn til ekstraordinært formannskap/kommunestyre straks rekneskapstala ligg føre. Investeringsstopp vart vidareført til nytt vedtak vert fatta.

22.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Rådmann Berit Fløisand orienterte om status på rekneskap for 2011.

Asbjørn Heidal, Krf, fremja følgjande forslag:

Tilsetjingsstoppen vert oppheva frå 8.3.12. Det skal ikkje opprettast nye stillingar.

Saka vert utsett. Økonomiplanen viser ein kraftig underbalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmann og formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiprosess. Det skal kallast inn til ekstraordinært formannskap/kommunestyre straks rekneskapstala ligg føre. Investeringsstopp vart vidareført til nytt vedtak vert fatta.

Rådmannen sitt forslag fekk 0 røyster.

Framlegget frå Asbjørn Heidal vart samrøystes tilrådd.

FOR-003/12 VEDTAK:

Tilsetjingsstoppen vert oppheva frå 8.3.12. Det skal ikkje opprettast nye stillingar.

Saka vert utsett. Økonomiplanen viser ein kraftig underbalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmann og formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiprosess. Det skal kallast inn til ekstraordinært formannskap/kommunestyre straks rekneskapstala ligg føre. Investeringsstopp vart vidareført til nytt vedtak vert fatta.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Kommunestyret vedtok på møtet i desember 2011 ein del innsparingar for 2012. Nokre av innsparingstiltaka har etter dette vore til avklaring i Formannskapet, medan ein del av innsparingane ikkje var konsekvensvurderte til det møtet. Dette gjeld innsparingar på eining 14 Byggesak, oppmåling, brann, 18 Legetenesta, 24 Jettegryto barnehage, 25 Eikelandosen skule, 42 Teknisk drift og 60 Landbruk. I saka freistar vi gje svar på kva tiltak einingane kan setja i verk for å realisera nedskjeringane i Kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2012, kva som vil vera realistisk verknadsdato og kor stor innsparingseffekten vil vera i 2012 og 2013. Konsekvensane er vurdert ved å sjå på vesentlege ulemper og føremoner tiltaka objektivt sett vil føra med seg for brukarar og for tilsette/Fusa kommune.

Vurdering:

Eining: 14 Byggesak, oppmåling, brann

Kommentar: Når det gjeld byggesak og i stor grad også oppmåling, er stillingane her direkte knytt opp mot inntekter som finansierer stillingane. Fjernar ein stillingar fell ditto inntekter vekk, innafor byggesak fell også høve til styring vekk, i og med at ein søknad/plan vert rekna som godkjend dersom svarfristen overstig tre veker. Oppmåling er berre nesten fullfinansiert med gebyr, restressursane går til oppdateringar av register mv. som kommunane er pliktige til å gjera. Skal det sparast på stillingar, kan dette skje innafor planområdet, men det er uforeineleg med alt planarbeidet som er i gang.

Innsparingskrav: Kr 250 000

Tiltak	Verknad frå	Innsparing 2012 (kr)	Innsparing 2013 (kr)
1) Avslutta brann-samarbeid med Samnanger, med eigen brannsjef (eiga sak til denne møterunden)	01.01.2012	77 000	77 000
2) Redusera bruk av rådgeving frå geolog i plan- og byggesaker	01.01.2012	50 000	50 000
3a) Redusert service og vedlikehald av bilar og utstyr, kurs, kontor-materiell o.l. med 17%.	01.01.2012	123 000	123 000
3b) Nedbemanning overordna planarbeid			

Tiltak 1: Avslutta brannsammarbeid med Samnanger

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Ingen.	Ingen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Betre teneste til brukarane	Betra arbeidssituasjon

Tiltak 2: Redusera bruk av rådgeving frå geolog i plan og byggesaker

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Tilstrekkeleg utgreiing/rådgeving i skredutsette område vil ikkje bli gjeve.	Tilsette får ikkje høve til å gjera ei tilstrekkeleg sakshandsaming for plan og byggesaker. Verutviklinga og innskjerpingar i Plan- og bygningslova gjer at dette er eit uheldig tiltak, som <i>kan</i> føra til at løyve vert gitt i rasutsette område, med framtidige økonomiske konsekvensar for kommunen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tiltak 3a: Redusert service og vedlikehold av bilar og utstyr, kurs, kontormateriell o.l. med 17%

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Fusa kommune vil ikkje kunna oppretthalda godkjend brannberedskap i Fusa med dei følgjer det vil få. Næringslivet vil få merkbar auke i forsikringspremien. Tilstrekkeleg rettleiing til brukarane vil skje i mindre gard. Kr 30 000 av summen gjeld kontormateriell o.l. og kan sparast utan dramatiske konsekvensar.	Tilsette får ikkje oppdatert seg fagleg. Fusa kommune vil ikkje oppretthalda godkjend brannberedskap. Avtale med Statens vegvesen om at Fusa kommune held kompensierende utstyr "first seven" på brannbil for beredskap i Moshovdatunnellen vil ikkje kunna oppretthaldast. Innsatstid (10min) ovanfor Fusa bu- og behandlingssenter vil ikkje kunna oppretthaldast, med konsekvens stenging av FBBS.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Eining: 18 Legetenesta

Innsparingskrav: Kr 300 000

Vi er i ein prosess der vi står nett føre forhandlingar med fastlegane vedkomande avtalen om økonomisk samarbeid. Forhandlingane skal skje i mars, og resultatet vil verta iverksett frå 1. juli. Legetenesta har eit kutt i 2012 på kr 300 000 (rådmannen sitt framlegg) + kr 300 000 (kommunestyrevedtaket). Samlokalisering av legetenesta er i gang, utover dette vurderer vi det som uheldig å forsøka spesifisera nedskjeringa nærare før forhandlingane med legane.

Eining: 24 Jettegryto barnehage og 25 Eikelandsosen skule

Innsparingskrav totalt: Kr 200 000 kr + etablera oppvekstsenter i Eikelandsosen

Samanslåing av skular og barnehagar til oppvekstsenter har ikkje vist seg å gje økonomiske innsparingar andre stader i kommunen og dette var heller ikkje eit mål ved oppretting av oppvekstsenter i Fusa. Rådmannen tilrår difor at innsparingskravet på totalt kr 200 000 vert fordelt med kr 100 000 på alle barnehagane i kommunen og med kr 100 000 på alle skulane i kommunen, etter same fordelingsnøklar som er nytta i ressursfordelingsmodellane for skule og barnehage.

Konsulentbyrået Agenda Kaupang leverte 30.4.2010 ein rapport med evaluering av oppvekstsentra i Fusa, der dei kjem med ein del vureringar og tilrådingar. "Etter Agenda Kaupangs vurdering er det ikke grunnlag for å opprette et sjette oppvekstsenter i Eikelandsosen. For det første er de to enhetene i dag store nok til å stå på egne ben. For det andre er det for lang fysisk avstand mellom bygningene til at samarbeid er praktisk."

Vidare i rapporten heiter det i kapittel 7:

"7 Ledelse i oppvekstsentrene (...) Det er tvilsomt om oppvekstsenter lønner seg.

Kostnadene ved samarbeidet er

betydelig (...)"

”7.2 Gevinstene (...) Etter Agenda Kaupangs vurdering er det svært begrenset hvilke forbedringer som kan tilskrives oppvekstsentrene. Det er dessuten svært ulike resultater i de ulike sentrene. (...) Eikelandsosen har like bra samarbeid mellom barnehage og skole som Nore Fusa og Fusa”.

”Antakelig kan man ikke forvente store resultater av felles ledelse i skole og barnehage. Dette er to ulike tjenester med begrenset nytte av samarbeid”.

”7.3 Kostnadene Man kan ikke vurdere resultatene av oppvekstsentra uten å ta med kostnadene. Gevinster og kostnader ved et tiltak må veies mot hverandre. Denne analysen bygger på intervjuene i sentrene. Det er to typer kostnader: feil tidsbruk og manglende utvikling av barnehagetjenesten. (...)”

På bakgrunn av at oppretting av oppvekstsenter er ein krevjande omorganiseringsprosess utan venta økonomisk vinst, ønskjer rådmannen ei avklaring av om administrasjonen skal ta fatt på arbeidet med å smelta saman Eikelandsosen skule og Jettegryto barnehage til eit oppvekstsenter.

Eining: 42 Teknisk drift

Innsparingskrav: Kr 500 000

Kommentar: Det vert ikkje gjort framlegg om å redusera stillingar sidan det er rimelegare å gjera vedlikehald med eigne tilsette enn å kjøpa desse tenester frå andre. Ved sal av eigedomsmasse vil eininga gå glipp av leigeinntekter frå dei objekta som vert selde, og vil dermed få ytterlegare kutt, truleg kring kr 3-400 000 årleg.

Tiltak	Verknad frå	Innsparing 2012 (kr)	Innsparing 2013 (kr)
1) Nedskjering vegvedlikehald	01.01.2012	220 000	220 000
2) Nedskjering bygningsvedlikehald	01.01.2012	220 000	220 000
3) Nedskjering utstyrspostar m.v.	01.01.2012	60 000	60 000

Tiltak 1: Nedskjering vegvedlikehald

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Dårlegare vedlikehald. Ingen reasfaltering av vegar.	Ingen.
Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tiltak 2: Nedskjering bygningsvedlikehald

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Vi har midlar til å byta lyspærer o.l. og til lovpålagte serviceavtaler på brannalarm-anlegg, heisanlegg, etc slik at vi vonleg slipp å stengja bygg for bruk. Det er ingen midlar til planmessig vedlikehald, som t.d. målingsarbeid, og vi dreg på oss eit stor framtidig vedlikehaldsbehov.	Det vert uråd å nå resultatmål 3: ”Kvaliteten på drift og vedlikehald av kommunale bygningar og tekniske anlegg er auka. Det har vore fokus på trafikksikring”.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tiltak 3: Nedskjering utstyrspostar m.v.

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Vi får etter kvart gjort mindre med egne tilsette.	Mangelfullt verktøy gjev dårlegare arbeidstilhøve.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Eining: 60 Landbruk (interkommunalt landbrukskontor)

Innsparingskrav: Kr 250 000

Kommentar: Fusa står for 43% av felleskostnadene i det interkommunale landbrukskontoret, og har svært få driftspostar som kun gjeld Fusa. Tenkjer ein at innsparinga skal gjelda fellespostar, krevst det ei nedskjering på kr 581 000 for landbrukskontoret for at Fusa skal kunne spara kr 250 000,-. Eit så stort budsjettkutt inneber eit årsverk i reduksjon. Landbrukstenesta er allereie svært knapt bemanna. Avtalen med Os og Samnanger definerer oppgåver for felles kontor, men vi kan ikkje utføre avtalte tenester med så stor stillingsreduksjon. Dette inneber avtalebrot. Avtalen har dessutan eitt års oppseiingstid. Vi er i forhandling med Tysnes om at dei skal vere med i det felles landbrukskontoret, og dersom alt går etter planen og kommunestyra i alle 4 kommunane gjer positivt vedtak, kan vi kome i gong med samarbeidet våren/sommaren 2012. Vi arbeider med budsjett og fordeling av kostnader og førebuing til politisk handsaming. Vi har fått skjønsmidlar frå fylkesmannen til planlegging og tilrettelegging. Også dette perspektivet gjer reduksjon av noverande kontor til eit svært dårleg tiltak, og rådmannen har difor tilrådd andre nedskjeringar enn nedbemanning.

Tiltak	Verknad frå	Innsparing 2012 (kr)	Innsparing 2013 (kr)
1) Fjerna driftstilskot til veterinærer. (Kommunestyrevedtak frå 1986. Samarbeidsavtale som må avklarast med Kvam, Kvinnherad og Samnanger).	01.09.2012	60 000	182 000
2) Redusera budsjettpost til skotpremie rev og mink i 2012, fjerna denne ordninga i 2013.	01.01.2012	40 000	50 000
3) Overføra til drift avsette midlar (fond) frå tidlegare år.	01.01.2012	132 000	0
4) Redusera budsjettpost til Forsøksringen	01.01.2012	18 000	18 000

Tiltak 1: Fjerna driftstilskot til veterinærer

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Ingen, så langt vi kan sjå. Konsekvensar for veterinærane som reknar med tilskotet.	Ingen, mottok ikkje tenester tilbake frå veterinærane til kommunen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette/Fusa kommune
Ingen.	Ingen.

Tiltak 2: Redusera budsjettpost til skotpremie, for så å fjerna skotpremie mink og rev

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Truleg held restbudsjettet til skotpremie (kr 10 000) i 2012. Ordninga med skotpremie fell vekk frå 2013. Det vil vera i bøndene sin interesse å halda bestandane nede uavhengig av skotpremien.	Ingen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tiltak 3: Overføra til drift avsette midlar (fond) frå tidlegare år

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Ingen.	Ingen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tiltak 4: Redusera budsjettpost til Forsøksringen

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Ingen faktiske konsekvensar, overføring til Forsøksringen på 2011-nivå er dekt inn av restbudsjettet.	Ingen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

Tilsettingsstoppen:

Fusa kommune er ein stor arbeidsgjevar. I 2010 var i gjennomsnitt 21 årsverk til ei kvar tid vekke frå jobb pga. sjukdom. Ofte treng ein erstatta desse personane med vikarar. Dei største einingane driv døgnkontinuerlege tenester 365 dagar i året. Når desse einingane ikkje får lysa ut ledige faste stillingar og lengre vikariat, vert behovet for ekstravakter og vikarar enda større. Vi nyttar betydelege ressursar på å innhente vikarar, og tidsbruken aukar dersom vi ikkje har raske og effektive tilsettingsprosessar, i tillegg til at andre arbeidsoppgåver vert nedprioriterte.

Organisasjonen opplever at tilsettingsstoppen fører til auka arbeidspress, mindre effektivitet, lågare kvalitet og dyrare løysingar. Vi står framfor den årlege hovudrekrutteringa inn mot skular og barnehage, og vi står i fare for å mista dei beste kandidatane dersom vi ikkje kan tilby faste stillingar.

På bakgrunn av dette tilrår rådmannen at tilsettingsstoppen vert oppheva.

Saldert budsjett:

Kommunestyret vedtok budsjettet for 2012 med meirinntekter på kr. 455.000. I følgje budsjettforskriftene skal budsjettet vera saldert ved at samla utgifter og inntekter skal ha same storleik. Rådmannen har difor redusert bruk av disposisjonsfondet med kr 455 000,- slik at budsjettet for 2012 vert saldert. Kommunestyret har framleis kr. 455.000 udisponert, slik intensjonen med kommunestyrevedtaket var.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Driftsutvalet		HDA
026/12	Formannskapet	25.04.2012	HDA

Sakshandsamer: Helene Dahl

Arkivsaknr 11/698

TILSKOT TIL VETERINÆRANE - JUSTERING AV AVTALE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner framlegg til ny avtale med veterinærane og sender avtalen til Kvinnherad og Samnanger til politisk godkjenning, samt til veterinærane.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.04.2012	AVTALE vet.doc	43490

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I 1986 gjorde Fusa kommunestyre vedtak om å yte tilskot til veterinærane i Fusa. Bakgrunnen var omlegging av veterinærtjenesta der veterinærane vart sjølvstendig næringsdrivande i staden for å vere kommunalt tilsette. Det var i tillegg trong for å utvide kapasiteten for veterinærane på grunn av auka arbeidsmengd og utvida oppgåver i samband med fiskeoppdrett.

Ordninga legg opp til eit tilskot knytt til lønstrinn og regulering " i samsvar med den generelle ramma i lønsoppgjera" (vedtaket, punkt 7). Det vart knytt fleire vilkår for tilskotet.

Avtalen vart etablert som prøveordning, men er ikkje endra sidan den gongen.

Samnanger, Kvam og Kvinnherad er med i denne ordninga, og kostnader er fordelt med Fusa - 60%, Samnanger - 15%, Kvam 5%, Kvinnherad 20%.

Tilskotet var kr. 214 500,- i 2010, Fusa sin del kr. 128 700 . (Kvinnherad kr. 42 900, Samnanger kr. 32 175, Kvam kr. 10 750).

I 2008 tok veterinærane kontakt med kommunen på grunn av manglande indeksregulering av tilskotet sidan 2001. Vi hadde eit møte, og vi kom fram til at det beste var å revidere avtalen til å vere i tråd med dagens regelverk, samt å finne ein enklare og meir tydeleg måte å regulere tilskotet på.

Veterinærane har fått tilskotet utbetalt kvart år, utan endring i avtaleteksten. Tilskotet er ei frivillig ordning.

Vi har no hatt møte med samarbeidskommunane. Kvinnherad og Samnanger møtte, Kvam kom ikkje, men gav tilbakemelding i telefonsamtale. Veterinærane i Fusa var med i starten av møtet for å orientere oss og svare på spørsmål. Møtet var nyttig for alle partar. Vi har no fått skriftleg tilbakemelding frå administrasjonen i Kvinnherad, Samnanger og Kvam. Kvinnherad og Samnanger er interessert i å vere med i vidare samarbeid med atterhald om kostnad og politisk godkjenning.

Framlegg til ny avtale må leggast fram for samarbeidskommunane til politisk godkjenning.

Vurdering:

Det tidlegare vedtaket/avtalen er i tråd med tida og gjeldande regelverk då han vart oppretta (1986). Fiskeoppdrett var ei ny næring som også hadde behov for veterinærtjenester, og det var i tillegg mange fleire bruk i drift med husdyrhald. Ein ville sikre at både landbruks- og oppdrettsnæring fekk god tilgang til veterinær.

I åra som har gått, har det vore store endringar i både landbruk og fiskeoppdrett, samt at organisering og regelverk har endra seg. Fusa er no med i veterinærdistrikt i lag med Samnanger og Tysnes. Kommunane har fått ansvar for klinisk veterinærvakt, og får tilskot til dette frå staten. Vi har inngått avtale om at Tysnes kommune administrerer ordninga for vårt vakttdistrikt, slik at statleg tilskot går direkte dit, og Tysnes betalar ut til veterinærane. Oppdrettsnæringa har eigne veterinærordningar.

Tilskotssamarbeidet mellom Fusa, Samnanger, Kvam og Kvinnherad har fortsett som før.

Fusa er fortsatt ein landbrukskommune, sjølv om det er fleire bruk som har lagt ned tradisjonelt husdyrhald. Men vi ser satsing på både tradisjonell drift og tilleggsnæringar, og i dei fleste tilfelle har dei dyr - produksjonsdyr eller hestar. Det er dermed viktig for næringa at det er veterinærar tilgjengeleg. Vi har to veterinærar med i ordninga som bur i Fusa. Dei peikar på endra oppgåver og meir kjøring som viktige punkt.

Det er mest arbeid for veterinærane på mjølkebruk. Vi har stadig færre som driv med mjølkeproduksjon, og gardane er spreidde. Dette fører til mykje kjøring for veterinærane.

Det er viktig at vi har veterinærar i Fusa. Dette gjev tryggleik for dei som har husdyr, og kan vere ein faktor som er med i vurderinga om ein skal drive med husdyr. Veterinærane understrekar at tilskotet frå kommunane er avgjerande for å ha god veterinærdekning i området, dvs to veterinærar i Fusa.

Avtalepunkta må justerast i høve til dagens regelverk, og vi må finne ein anna måte for tilskotssatsar og regulering av satsane. Slik avtalen er i dag, med indeksregulering i høve til løn, er det praktisk vanskeleg å finne referansar for utrekning.

Kvinnherad kommune har fleire bønder med mjølkeproduksjon i Ølve og Hatlestrand. Dei har eige veterinærdistrikt, men treng veterinærane frå Fusa til Ølve og Hatlestrand. Kvinnherad har også kommunalt tilskot til veterinærane i eige vakt-distrikt. Dei ønskjer å vidareføre avtalen med Fusa, men har som føresetnad at tilskot til veterinærane i Fusa ikkje er høgare enn løna som Kvinnherad yter til eigne veterinærar, kr 95 000 årleg til kvar. Veterinærane i Fusa får kr 107 250 kvar. (2010).

Samnanger kommune ønskjer også å halde fram med samarbeid om kommunetilskot og viser til at kommuneplanen har som mål å støtte lokal landbruksdrift. Veterinærtenester er viktig i denne samanhengen. Men kommunen har dårleg økonomi, og legg vekt på at tilskotet ikkje bør aukast.

Begge kommunane tar atterhald om politisk godkjenning.

Kvam kommune har ikkje kommunalt tilskot til veterinærar i eige vakt-distrikt, og dei ønskjer å gå ut av samarbeidet med Fusa, Samnanger og Kvinnherad.

Kommunetilskotet i Kvinnherad blir betalt ut som lønnsstilskot, det vil sei at veterinærane er tilsette i kommunen. Tilskotet frå Fusa vert utbetalt som næringstilskot. Begge ordningar har fordelar og ulemper. Det er tryggare å vere tilsett, men ein del av tilskotet går til sosiale utgifter i kommunen. Ei ordning med næringstilskot kan endrast med vedtak i kommunen, og veterinærane har ikkje same rettar som tilsette har.

Tilskotet til veterinærane slik det er i dag er innanfor ramma av det dei andre to kommunane kan akseptere, og det har ikkje vore merknader til kostnadsfordelinga. Dei fem prosent som Kvam har deltatt med, vert foreslått fordelt med 2,5 % på Fusa, 1,5 % på Kvinnherad og 1% på Samanger.

Kostnad i framlegg til avtale er indeksregulert.

Fusa kommune har fokus på landbruk i kommuneplanen, og vi ønskjer å oppretthalde tal bønder og areal i drift – auke om mogeleg. Veterinærar er ei viktig sak.

Framlegg til ny avtale må leggjast fram for samarbeidskommunane til godkjenning.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
027/12	Formannskapet	25.04.2012	HDA

Sakshandsamer: Helene Dahl

Arkivsaknr 11/959

SAMARBEIDSPROSJEKT OM LANDBRUKSTENESTER I FUSA OS OG SAMNANGER UTVIDA MED TYSNES KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner rapport om samarbeid om landbrukstenester mellom Fusa, Os, Samnanger og Tysnes. Arbeidet med å inkludere Tysnes og få på plass formell avtale vert sett i gong.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.04.2012	Interkommunalt Landbrukssamarbeid rapport.doc	43334
13.04.2012	SAMARBEIDSAVTALE OM LANDBRUKSTENESTER.DOC	43578

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Tysnes ønskjer å delta i samarbeid om landbrukstenester. I mai 2011 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå både eksisterande samarbeid og frå Tysnes, samt Naturvitarane. Styringsgruppe for dette arbeidet er rådmennene i Fusa, Os og Samnanger.

Arbeidsgruppa har sett på konsekvensar for Tysnes og for eksisterande samarbeid, trong for personale, budsjett og kostnadsfordeling. Arbeidet er samla i ein rapport (vedlagt) som er godkjend av styringsgruppa (02.03.12).

Konklusjonen er at eit utvida samarbeid kan gje gode tenester og innsparing for alle fire kommunane.

Denne saksframstillinga og rapporten vert lagt fram for politisk godkjenning i Fusa, Os og Samnanger.

Tysnes kommune har godkjent rapporten.

Vurdering:

Vi har god erfaring med samarbeid om landbrukstenester i Fusa, Os og Samnanger, vi har hatt felles landbrukskontor sidan 2004. Vi har eit velfungerande kontor med god kunnskap på eit stort fagområde. Vi yter tenester innan jordbruk, skogbruk, arealforvaltning, utmark og vilt i alle tre kommunane, og vi er aktivt med i mange saker som gjeld næringsutvikling. Vi har bygd opp kompetansen og samarbeidet. Tysnes må kome inn i samarbeidet på same vilkår som dei andre kommunane, der Fusa er vertskommune med hovudkontor og arbeidsgjevaransvar.

Landbruksdrift i Tysnes er for ein stor del husdyrhald og grovfôrproduksjon, samt skog og utmark, og skil seg ikkje ut frå det som er mest vanleg i Fusa, Os og Samnanger. Vi ser for oss at vi har kontordagar i Tysnes på same vis som Os og Samnanger – faste dagar, samt etter avtale med grunneigarar, synfaringar, interne møter og politiske møter.

Landbrukskontoret har heile tida hatt svært knapp bemanning, slik at vi slit når nokon blir sjuke og ved ferieavvikling. Godt internt samarbeid og samhald samt beinhard prioritering har gjort at vi stort sett har fått utført arbeidet tilfredsstillande. Vi har 3.5 stillingar på landbrukskontoret. Tysnes er om lag like stor som Fusa på jordbrukssida, større når det gjeld skogbruk. Vi har rekna oss fram til at vi minimum treng 1,5 stillingar i tillegg dersom Tysnes skal vere med, elles greier vi ikkje å levere ei forsvarleg teneste. Vi har tatt utgangspunkt i saker, bruk i drift og avstandar. Det vil likevel vere kostnadseffektivt å utvide samarbeidet, samt at vi kan levere gode tenester.

Tysnes har stort etterslep av saker, og dei har anna sakshandsamarsystem. I tillegg må vi gjere oss kjent i kommunen. Vi meiner at Tysnes vil ha behov for meir av fellesskapet første året og at dei difor må betale litt meir i starten. Vi må ha ein gjennomgang av prosentfordelinga mellom dei fire kommunane etter at Tysnes har vore med i eit år.

Jordbrukssjefen i Tysnes er gått av med pensjon og kommunen manglar også personale til andre landbrukssaker. Dei har kjøpt akutt hjelp frå oss sidan desember 2011. Vi ønskjer å kome i gong med samarbeidet så raskt som mogeleg, men må ha personale og rutinar for arkiv og diverse data på plass. Samarbeidsavtalen vil få same punkt som den eksisterande avtalen mellom Fusa, Os og Samnanger. Vi ser for oss formell start sommar/haust 2012, seinast 01.01.2013.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		PRO
028/12	Formannskapet	25.04.2012	PRO

Sakshandsamer: Per Rosvoll

Arkivsaknr 11/300

KARTLEGGING, VURDERING VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE EIGEDOMAR 2011

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vedlikeholdstiltak som er klassifisert i Prioritet 1 og Prioritet 2 bør gjennomførast i ein 5 års periode. Dette er tiltak knytt til offentlege krav, strakstiltak, og tiltak som kan ha omfattande økonomiske konsekvensar/store fylgjeskadar dersom dei ikkje vert gjennomført.

For at det skal kunna gjennomførast viktig vedlikehaldsarbeid av typen maling/oppussing må midlane dei neste åra i større grad verta løyvd over driftsbudsjettet.

Radonnivået i alle kommunale bygg bør vera innanfor tiltaksgrensa på 100 Bq/m³ og skal vera innanfor maksgrense på 200 Bq/m³.

Det skal iverksetjast dei tiltak som er nødvendig for å oppnå dette.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

"Fusa kommune - Etterslep vedlikehald kommunale bygg"

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.04.2012	Etterslep vedlikehald.pdf	43236
10.04.2012	Radon - Oppsummeringkommentar.pdf	43249

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I samband med budsjettet for 2011 vart det gjort fylgjande vedtak:

Fusa kommune skal i 2011 gå gjennom og vurdera den kommunale bygningsmassen. Naudsynte vedlikehaldsplanar må utarbeidast og rullerast. Planane skal gje grunnlag for å fastsetja vedlikehaldsbehovet og tilhøyrande kostnader for kvart bygg. Universell utforming skal takast med som ein føresetnad i samband med utarbeiding av langsiktige vedlikehaldsplanar. Som konsekvens av planarbeidet skal det i 2011 leggjast fram politisk sak.

Etter ein anbudsrunde vart Sivilingeniør Anders Overrein AS engasjert til å gjennomføra kartlegging av tilstand på kommunale eigedommar. Dette er gjennomført, og det er utarbeida overordna vedlikehaldsplanar for kvart bygg og med kostnader på tiltak.

Universell utforming er vurdert på dei bygningane ein ser ein har manglar.

I tillegg til dette har me lagt inn i prosjektet to andre lovpålagte tiltak:

1. Energimerking av bygningsmassen
2. Radonmåling i alle bygg.

Fusa kommune eig ca. 25.000 m². Rapport omfattar ca. 23.000 m². Fusa symjehall og Eikhovdaheimen er ikkje tatt med då desse bygningane er under omfattande rehabilitering.

Manglande universell utforming er kostnadsrekna til kr. 4,9 mill. inkl. mva
Etterslep av vedlikehald er kostnadsrekna til kr.60,2 mill. inkl.mva.

TOTALT ETTERSLEP ER BEREKNA TIL KR. 65,1 mill. inkl. mva.

Vurdering:

Fusa kommune har dei siste åra løyvd svært lite midlar til vedlikehald, og trenden går stadig i feil retning.

Skal Fusa kommune ta vare på bygningsmassen må løyvingane aukast mykje, og for ein større del må dette løyvast over driftsbudsjettet. Ein av dei store utfordringane er å få malt/beisa bygg utvendig og generell oppussing innvendig, dette kan me ikkje nytta investeringsmidlar til.

Staten sine krisemidlar for eit par år sidan, gav eit løft for fleire bygg, me fekk då malt 5-6 bygg utvendig.

Ellers har det dei siste 10 åra vore svært lite midlar me kan nytta til denne type oppgåver. I 2011 har det ikkje vore rom for å mala eit einaste bygg utvendig, og i budsjettet for 2012 er det nesten ikkje midlar til noko form for vedlikehald.

Med kr. 65 mill. i etterslep vil det i åra som kjem krevjast betydeleg innsats for å bremsa hastigheita i forfallet i Fusa kommune sin eigedomsmasse.

I denne samanhengen er det behov for å ta nokre strategiske val for bygningsmassen og ta grep som kan redusera vedlikehaldsbehovet over tid.

Det er no behov for å vurdera å redusera eigedomsmassen, og utnytta det ein har på ein meir arealeffektiv måte. Så lenge Fusa kommune ikkje har midlar til å vedlikehalda det ein har bør vera svært forsiktig med å utvida denne eigedomsmassen ytterlegare.

Anders Overrein AS foreslår fylgjande:

- * Endring i bygningsstruktur/eigedomsmasse*
- * Arealeffektivisering*
- * Økt fleksibilitet*
- * Selja bygg (evt. rive) og bygge nytt. I fleire tilfelle ikkje dyrare, og gjev samtidig ofte redusert FDV-kostnad og meir eigna lokale.*
- * Utnytte marknadsverdi, er boligmasse attraktiv å selja for å finansiera meir tenleg boligmasse ?*
- * Strukturgrep for skular, barnehagar etc. Samanslåing. Avhenda to dårlege eigedomar og bygga ny felles.*

Desse grepa vil kunne påverka investerings- og vedlikehaldsbehov, og evt. endra prioritering på gjennomføring av anbefalte vedlikehaldstiltak. Det bør uavhengig av denne prosessen gjennomførast strakstiltak i alle bygg, samt andre prioriterte tiltak ein veit ikkje vert rørt av strategiprosessen.

Prioritering av tiltak.

Tiltak er registrert med

Prioritet 1: Strakstiltak

Prioritet 2: Andre anbefalte tiltak

Prioritet 3: Andre tiltak som må forventast/vurderast tatt - kan skyvast på i tid.

Det anbefalast på det sterkaste at prioritet 1 og 2 vert gjennomført i ein 5 års periode. Dette er tiltak knytt til offentlege krav, strakstiltak og tiltak som kan ha omfattande økonomiske konsekvensar/store fylgjeskadar dersom dei ikkje vert gjennomført.

Investerings-/vedlikehaldsbehov

2012 - 2016 Tiltak med prioritet 1 og 2 behov kr. 50 mill (inkl. mva.)

2017 - 2019 Tiltak med prioritet 3 behov kr. 15 mill (inkl. mva.)

Dette må vera ekstraordinære midlar, ut over ordinært årleg vedlikehaldsbudsjett.

Fusa kommune har ein del boligar frå 70 og 80 (90) tallet, bygd som gjennomgangsbustader for kommunalt tilsette m.m. Desse ligg i Eikelandsoen. Dette er boligar i "husbankstørrelse", har ikkje blitt oppgradert i særleg grad, og minimalt vedlikehalde. Desse er ikkje lenger i bruk som gjennomgangsbustader for tilsette.

Vert i dag nytta som sosiale boligar.

Til denne bruken er boligane, for dei fleste, for store og generelt ueigna. Det er også relativt store tomter som krev mykje vedlikehald dersom dei skal sjå bra ut. Teknisk drift har ikkje kapasitet til å ivareta desse uteområda på ein tilfredstillande måte.

Administrasjonen foreslår å selja dei fleste av desse eigedommane. Nyttå denne kapitalen i lag med tilskotsordningar/lån frå Husbanken og erstatta desse boligane med nye tenlege boligar. Ser ein dette over nokre år så er nok dette eit sjølvfinansierande tiltak.

Dette bør i 2012 utgreiast som eit eige prosjekt, og det må setjast av midlar til planlegging av dette på investeringsbudsjettet for 2012.

Bygg som kan vera aktuelle i denne samanhengen er Brakabygda 15, 17, 19, 25, 27 og Stallabrotet 5.

Fusa kommune skal også gå gjennom bygningsmassen for å sjå om det er mogleg å selja andre bygg, og vurderer alternativ bruk av areal som står ubrukt.

Bl.a har Baldersheim helsetun ca. 300 m² som nå ikkje er i bruk, samtidig som bygget har eit omfattande vedlikehaldsbehov.

Evt. sal m.m. av kommunale boligar vert teken opp i eiga sak.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
029/12	Formannskapet	25.04.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 11/1387

UTBYGGING AV FV 125 HOLMEFJORD VED NORE FUSA SKULE MONTERING AV VEGLJOS

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert løyvd kr 66.000 frå konto 256.99.402 til fullføring av vegljøs langs fylkesvegen fram til Nore Fusa skule.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.04.2012	Veglys Holmefjord 2012.pdf	43251

Ikkje vedlegg: Trafikksikringsplan.

Faktiske opplysninger:

Vegvesenet er i ferd med å fullføra utbetring av fylkesvegen forbi Nore Fusa skule, herunder bygging av gangveg fram til skulen. Kommunen deltar i prosjektet med legging av vassleidning fra til skulen, delvis i felles grøft saman med vegvesenet sine overvassleidningar. Når det gjeld vegljøs har vegvesenet for sin kostnad lagt kablar og fundament for ljøsmaster på den siste strekninga fram til skulen. Det dreier seg om 6 ljøs. Kostnad med ferdiggjering av desse har Fusa Kraftlag rekna til kr 65460 inkl mva.

Vegvesenet oppmodar kommunen om å finansiera master og ljøsarmatur samt montering av dette slik at anlegget blir ferdig.

I kommunen sin trafikksikringsplan er utbetring av fylkesvegstrekinga ned til Nore Fusa skule prioritert på førsteplass blant tiltak på fylkesvegane (planen var vedteken før riksvegane i kommunen vart nedklassifisert til fylkesvegar).

Vegljøs er ikkje spesielt nemnt.

Det er ikkje sett av midlar til vegljøs på kommunen sitt investeringsbudsjett. I rekneskapen er det på disposisjonsfond midlar som opprinneleg var sett av til kommunal andel av grøfter på fylkesvegen på Vinnes. Desse midlane vart ikkje brukte til det dei var avsett til. Det vart brukt noko av dei i 2011 til kommunen sin andel av grøfter på fylkesvegen på Skjørsand. Det står no kr 280.205,- på kontoen.

Vurdering:

Rådmannen rår til at det vert løyvt midlar frå fondskonto 256 99 402 for å gjera ferdig vegljøs på strekninga. Det vil då vera samanhengande vegljøs langs heile fylkesvegstrekinga frå skulen og fram til fv48.

Vegljøsa må i denne samanhengen sjåast på som ein del av komplett veganlegg slik det er prioritert i trafikksikringsplanen.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
030/12	Formannskapet	25.04.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 09/1596

UTBYGGING AV BOSSNETT I BERGEN - BIR AS SJØLVSKULDNARGARANTI FOR LÅN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Fusa kommune vedtek, saman med dei øvrige åtte aksjonærane i BIR AS, å stilla sjølvskuldnerggaranti for lån inntil kr 250 millionar. BIR AS vil låna dette vidare til det heileigde dotterselskapet BossNett AS. Fusa sin eigardel av BIR AS er 1,33%. Ein pro rata garanti vil med dette utgjera inntil kr 3,32 millionar.
2. Eigarkommunane i BIR AS garanterer pro rata for lånet i samsvar med kvar kommune sin eigardel i BIR AS. Det vert vist til aksjonæravtalen punkt 10.
3. Ved vesentlege endringar i eller opphøyr av aksjonæravtalen mellom aksjonærane i BIR AS kan eigarkommunane krevja at lånet vert innfridd. Det same gjeld om det skjer vesentlege endringar i aksjonærsamansetjinga i dotterselskapet BossNett AS.
4. Dersom BIR AS søkjer å gjera selskapsrettslege endringar skal selskapet varsla garantistane seinast når kreditorvarsel vert kunngjort. Garantistane har tre månaders frist til å krevja lånet innfridd frå slikt varsel er gjeve.
5. Det er ein føresetnad at det vert gjort likelydande garantivedtak i alle eigarkommunane i BIR AS.
6. Det er ein føresetnad at lånet vert betalt ned over 40 år med like store årlege avdrag. Heile lånet skal vera innfridd seinast den 31.12.2051.
7. Det er ein føresetnad at kostnadane med lånet vert dekkja som ein del av renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og brukarbetaling for dei som er tilknytt nettet.
8. Det er ein føresetnad at fylkesmannen i Hordaland godkjenner vedtak om å stilla sjølvskuldnarkausjon for lånet.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.02.2012 10:20:29	SELVSKYLDNERGARANTI FOR LÅN TIL BIR AS FOR FINANSIERING AV BOSSNETTET I BERGEN	40263
10.11.2009	UTBYGGING AV BOSSNETT- BIR, GRUNNPÅSLAG I GEBYR FOR RENOVASJON I ALLE	8171

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Kommunestyret gjorde i sak 37/09 vedtak om å innføre grunnpåslag på renovasjonsgebyret i Fusa for å dekke drifts- og kapitalkostnader med bossnett. Det vart også gjort vedtak om lånegaranti.

BIR AS ynskjer no å ta opp lån på kr 250 millionar til finansiering av første del av bossnettutbygginga i Bergen sentrum.

BIR AS ber difor eigarkommunane stilla sjølvskuldnargaranti for andel av lånet tilsvarande eigardelen i BIR AS. Fusa sin eigardel er 1,33%, som medfører ein garanti på inntil kr 3,32 millionar av dette lånet.

Vurdering:

Rådmannen rår til at kommunestyret gjer vedtak i samsvar med BIR AS sitt ynskje om garanti.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		PRO
031/12	Formannskapet	25.04.2012	PRO

Sakshandsamer: Per Rosvoll

Arkivsaknr 11/1041

SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL 23/32.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 175 m² som tilleggsareal til g.nr. 23 b.nr. 32.
Pris vert kr. 50,- pr. kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga, m.a. oppmåling og tinglysing.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.04.2012	Søknad m. kart .pdf	43042

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Fusa kommune har motteke søknad frå eigar av 23/32 om å kjøpa ca. 175 m² av Fusa kommune som tilleggsareal til bustadeigedom 23/32.

Bakgrunnen for dette er at det er at ein trekant A (merka på vedlagt kart) skal overførast frå nabo (merka x på kart). Det då ynskjeleg å få kjøpa ei stripe mellom 23/32 og vei, slik at dette ikkje vert liggjande som "ingenmannsland" (merka B på kart).

Deler av omsøkt areal vert pr. idag nytta som tilkomstveg for 23/32.

Vurdering:

Dette arealet ligg naturleg til 23/32 og deler av det er i dag vegareal inn til eigedom.
At dette vert ein del av hagearealet til 23/32 vil vera med å gjera området betre.

Det må vera att omlag ein meter frå vegkant til ny grense.

Prisen vert sett til kr. 50,- pr. kvm.

Dette er omlag det nivået Fusa kommune har nytta ved sal av denne type areal i sentrale strøk.
Bl.a. ved sal av tilleggsareal i Stallabrotvegen i desember 2009 kr. 45,- pr.kvm.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		PRO
032/12	Formannskapet	25.04.2012	PRO

Sakshandsamer: Per Rosvoll

Arkivsaknr 11/1554

SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 200 m² som tilleggsareal til g.nr. 20. b.nr. 19.

Dette er arealet som ligg vest for 20/19 og fram på kant mot frisiktsone og ein avstand på ca. 1,5 m frå Stallabrotvegen.

Kartforretning vil definera eksakte grenser.

Pris vert kr. 50,- pr.kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga m.a. oppmåling og tinglysing.

22.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Kristine Hjartnes, Frp, hadde spørsmål om ho var ugild då bror hennar er part i saka. Ho gjekk frå møtet. Gunnar Hansen, Frp, var kalla inn som vararepresentant, men møtte ikkje. Kristine Hjartnes vart samrøystes kjend ugild.

Rådmann Berit Fløisand sa seg ugild då ho er gift med grunneigar av naboeigedom gbnr 20/3.

Varaordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Saka vert utsett. Ny sak bør innehalda betraktningar om arealet som aktuelt tomteland.

Arealet er i arealdel til kommuneplan avsett til boligføremål.

Framlegget frå Atle Kvåle vart vedteke med 8 røyster mot 1 røyst. (1 Frp Magne Djuvik)

FOR-006/12 VEDTAK:

Saka vert utsett. Ny sak bør innehalda betraktningar om arealet som aktuelt tomteland.

Arealet er i arealdel til kommuneplan avsett til boligføremål.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Søknad med kartskisse frå kjøpar.

Kartskisse 03.01.12 - viser areal vest for 20/19

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.04.2012	Kartskisse 03.01.12.pdf	39997
12.04.2012	KARTSKISSE	38772
19.12.2011 14:26:27	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19	38771

Nye opplysninger i saken

Saksutredning:

Vurdering:

Naboeigedom 20/3 kan vera aktuell å nytta som bustadtomt, men det er ikkje naturleg at tilkomstveg skal gå over omsøkt areal p.g.a stor høgdeforskjell. Naturleg tilknytning til veg for 20/3 vil vera til Koldalsvegen. Sal av dette tilleggsarealet vil ikkje påvika utnyttinga av 20/3 som bustadtomt.

Prisnivået er omlag det Fusa kommune har nytta for sal av denne type areal i sentrale strøk. Bl.a. ved sal av tilleggsareal på 730 m² til 20/44 i Stallabrotvegen i 2009 - kr. 45,- pr.kvm.

TIDLEGARE SAKSUTGREIING

Faktiske opplysninger:

Fusa kommune har motteke søknad frå eigar av 20/19 om kjøp av tilleggsareal til bustadeigedom. Søknaden omfattar ca. 200 m² mot vest og 400-500 m² mot sør. Alt omsøkt areal er i arealdelen til Kommuneplan avsett til boligføremål.

Fusa kommune er ikkje eigar av arealet sør for 20/19. Her er feil i kartgrunnlag. Konklusjon etter nærare studiar er at dette arealet tilhøyrer til 20/3.

Vurdering:

Areal mot vest ligg naturleg til 20/19 - omfattar veg/parkering for eigedomen.

Sal må avgrensa seg til oppe på skjæringskant i frisiktsona.

Eksakte grenser må fastsetjast i kartforretning.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
033/12	Formannskapet	25.04.2012	HOP

SKRIV OG MELDINGER**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Saka vert teke til orientering

Saksframstilling:

Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
16.04.2012	Bergensalliansen - Arbeidsutvalget	INNSPEL TIL HØYRINGSUTTALE OM TRANSPORTETATENES OG AVINORS FORSLAG TIL
13.04.2012	Hardangervegen AS	SAMLA UTTALE TIL HANDSAMING AV NTP 2014 - 2023 TIDLEG REALISERING AV INDRE TRASE FOR E 39, NYE TUNNELAR

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Råd for seniorer og folk med nedsett funksjonsevne		GST
007/12	Ungdomsrådet	24.04.2012	GST
034/12	Formannskapet	25.04.2012	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 11/958

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 -2016 - HØYRING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet vedtek at rusmiddelpolitisk handlingsplan, slik den ligg føre, vert lagt ut til høyring. Høyringsfrist 18.. mai 2012.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.04.2012	FRAMLEGG TIL RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - RULLERING 2012 - 2016	43880
16.04.2012	VEDLEGG 1 RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE 2012 - 2016	43881
16.04.2012	VEDLEGG 2 - KOMMUNESTYRETS BEHANDLING AV SØKNADER OM FORNYING AV SALGS-OG SKJENKEBEVILLINGER	43882

Ikkje vedlegg:

Diverse bakgrunnstoff frå www.forebygging.no; www.sirus.no, www.kommunetorget.no; mfl. Sjå planen pkt 8.0 Nyttige kjeder og sluttnotar

Faktiske opplysninger:

Revidert Rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2012 – 2016 ligg nå klar til vidare handsaming. I første omgang skal den ut på høyring til sals og skjenkestader, ungdoms- og samfunnshus, ulike interesseorganisasjonar, lag og foreiningar, kyrkjekontor, politiet og skjenkekontrollen. Planen vert også lagt ut til ettersyn på heimesida og i ekspedisjonen i Kommunetunet. Frist for å gje uttale vert sett til måndag 21. mai.

Saka vert handsama i juni i formannskapet og kommunestyret.

”Føremålet med planen er at det kommunale rusarbeidet vert systematisk og sett i ein heilskapleg samanheng. Eit tverrsektorielt fokus er viktig for å oppnå dette. Eit samarbeid på tvers av einingar og sektorar er derfor vektlagt i arbeidet med planen.

Plangruppa er gjeve følgjande mandat:

- Laga ein framdriftsplan for rulleringa
- Gjennomføra ei ny kartlegging og analyse av rusmiddelsituasjonen i kommunen
- Kartlegga kva har ein oppnådd gjennom tiltaka og politikken som er ført
- Koma med framlegg til ny rusmiddelpolitisk handlingsplan

Arbeidsgruppa har vore sett saman av: Folkehelsekoordinator Ellen Strøm Synnevåg, kontorsjef Gunn Sissel Teigen og sosialkonsulent Synne Stagrim Håve (prosjektleiar). Andre, både kommunale og eksterne, har bidrege med evaluering og ulike innspel til planen. Det har òg vore eit godt samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene gjennom planprosessen.

Planen er bygd opp slik at kapittel 1 og 2 gir eit bakteppe for planen med lovverk, utfordringar i Fusa, samt hovudtrekk frå førre tiltaksperiode. Kapittel 3 inneheld vidare mål for arbeidet. Kapittel 4-6 inneheld strategiar og tiltak med eit kapittel for førebyggjande tiltak, eit for tiltak om skjenkepolitikk og eit kapittel for oppfølging av rusmiddelavhengige. Kvart av desse kapitla er innleia med ein bakgrunnsdel der sentrale faktorar som ligg til grunn for tiltaka er utdjupa. Undervegs i teksten vert det referert til sluttnotar som ein finn bakerst i planen saman med andre nyttige lenkjeer som kan nyttast i arbeidet innan rusfeltet. ” (Utdrag frå planframlegget”)

Hovudtrekka i sals- og skjenkepolitikken er vidareført med nokre endringar, sjå kap 5.0. og vedlegg 1 og 2 i planen som inneheld retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Det vil kome lenkje til data frå Undersøking av rusvanane blant skuleungdom i Fusa 2011, gjennomført av Bergensklinikkane på www.fusa.kommune.no.

Litt meir informasjon om planarbeidet finn du her:

”Rusmiddelpolitisk handlingsplan er en kommunal del- eller temaplan som har som hensikt å samordne kommunens rusmiddelpolitikk og satsning. Planen er et flersektorielt redskap der ulike interesser tydeliggjøres.” (www.kommunetorget.no)

Fusa kommune har ein rusmiddelpolitisk handlingsplan som er vedteken av kommunestyret for perioden 2008 -2012.

Som bakgrunn arbeidet med planen har det vore ønskeleg med tilbakemeldingar og innspel frå ulike hald i kommunen for å få eit best mogleg planprosess og ein ny plan som er godt forankra.

Alle ansvarlege for tiltak i planen har fått tilsendt evalueringsskjema. I tillegg har ein møte med representantar frå ulike fagfelt som barnevern, politi, psykiatri m.fleire.

Sals- og skjenkenæring har også fått informasjon om oppstart av rulleringa med høve til å koma med innspel. Rulleringa av planen er også kunngjort i Os- og Fusaposten og på heimesida:

”Innspel til rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal rullerast våren 2012. Som bakgrunn til dette arbeidet ynskjer vi tidleg å få innspel frå ulike hald i kommunen for å få eit best mogleg planprosess og ein godt forankra plan. Dette gjeld både enkeltpersonar, lag, organisasjonar og bedrifter. Døme på innspel kan vera kva som fungerer bra i dag, kva kan gjerast annleis, konkrete forslag til tiltak osv. Har de innspel til planen oppmodar vi om at de sender dei **inn** innan 26.02.12. ”

På eit ope Temamøte 26.03.12 fekk ein også innspel. Som for 5 år sidan vart det vert gjennomført ei rusundersøking blant elevane på ungdomsskulen og Fusa vidaregåande skule. Hovudpunkt frå resultatet frå undersøkinga vart presentert på Temamøtet.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
035/12	Formannskapet	25.04.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/135

PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012 RAPPORT PR 10.4.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Slamavskillar Helland - prosjekt 020

Prosjektet er i hovudsak sett på vent på grunn av manglande finansiering.

Hovudplan vassverk – prosjekt 030

Her er legging av hovudvassleidning på siste stykket fram til Nore Fusa skule under arbeid. Prosjektet omfattar også ferdigjering av ein mindre kloakkpumpestasjon for å få tilfredsstillande avlaup for ein bustad som misser sitt private avlaupsanlegg som fylgje av fylkesvegbygginga. Arbeidet vert gjort samtidig med vegvesenet si utbetring av fylkesvegen og bygging av gang- og sykkelveg. Budsjettsummen er ubrukte midlar frå 2011.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
1 100 000					

Trafikksikring RV552-Opsalmarka - Prosjekt 070

Bygging av gangbru over RV552 med gang- og sykkelveger langs RV552 og langs veg til Opsalmarka har vore ute på anbod med anbodsopning 16.02.12. Det kom inn 2 anbod. Sum alle fag, prosjekteringskostnader, uforutsette utgifter mm. er brutto kr. 1 100 000,- høgare enn løyvd til trafikksikringstiltak

Til prosjektet 070, trafikksikring vegar, kryss RV552/Opsalmarka, er det løyvd 4,1 millioner kroner. Av disse er kr. 325 000,- brukt på trafikksikringstiltak (reguleringsplanar) på Rød, Holdhus og Baldersheim. Prosjektet mangler dermed en finansiering på kr. 1 425 000,-

Prosjektet er eit veganlegg der det berre skal betalast meirverdiavgift på varer.

Meirverdiavgifta er rekna til kr. 500 000,-. Avgifta kan variera litt avhengig av korleis entreprenøren utfører jobben.

Bevilga

2010	2011	2012	2013	2014	Sum
2 500 000	1 100 000	500 000			4 100 000

Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161

Etter vedtak om investeringsstopp har det ikkje vært aktivitet på byggjeplassen.

Dersom investeringsstopp på dette anlegget blir ståande, må anlegget avsluttast.

Det må takast stilling til korleis området skal opparbeidast. Gjerder, kummer og rør må gjerast ferdig. Mellom anna er jord til arrondering lagt i depot utanfor byggjeplass.

Budsjett:

2009	2010	2011	2012	2013	Sum
2 000 000	250 000	4 375 000	4 375 000		11 000 000

Kommunale bygg - prosjekt 180

Prosjektet "Kartlegging kommunale bygg" er no avslutta.

Sluttrapport vert teken opp som eiga politisk sak.

Radonmålingar, som er ein del av dette prosjektet, har vist at me har noko utfordring med radon. I hovudsak gjeld dette Kommundetunet, men me har enkeltrom og enkeltmålingar som me må fylgja opp.

Førebels har me teke tak i Kommundetunet og Nore Fusa skule.

Kommundetunet - her har me endra driftsmønsteret på ventilasjonsanlegg. Startar tidlegare og går på heil fart heile tida. Gjennomført kontrollmålingar, desse visar at med aktiv bruk av ventilasjon så nærmar me oss målet, men me ligg fortsatt over grenser. Gjennomført reingjering av kanalsystem og regulert inn anlegget på nytt. D.v.s. me prøver å ha eit overtrykk på enkeltrom og i heile bygninga - dette for å hindra inntrenging av gass frå grunnen. Skal no skifta filter i ventilasjonsanlegg og så gjennomføra nye radonmålingar. Fusa kommune må rekna med å gjennomføra ytterlegare tiltak på bygninga. Kva dette kan kosta er det uråd å meina noko om i dag.

Nore Fusa skule - har kontrollmålt radoninnhaldet i brukstida med ventilasjon i gang.

Har endra litt på driftsmønsteret på ventilasjonsanlegg.

Radoninnhaldet er innanfor krava når ventilasjon går i bygningen.

Dette vil bli fylgd opp med nye kontrollmålingar til hausten.

I budsjettet for 2012 vart posten for oppgradering av kommunale bygningar fjerna frå investeringsbudsjettet.

Kombinert med minimalt med vedlikehaldsmidlar på driftsbudsjettet har teknisk drift ein svært utfordrane vedlikehaldssituasjon.

Me har bl.a tak som ikkje er tette, som me ikkje får reparert.

Nokre er midlertidig tetta med presenningar etc.

Dette gjeld:

Nore Fusa skule - glastak over mediatek - råteskadar i bæringa av glaskonstruksjon.

Må fjernast og byggast opp på nytt.

Fusa ungdomsskule 3. byggesteg/flatt tak - lekkasje ved visse værlag - her må det leggjast ny membran/tetting.

Brakabygda 15 (Fjelltun 3) - lekkasje gjennom tak. Her ligg det shingel frå 1983.

Denne er utgått på dato (berekna levetid 15 år).

Her må det leggjast nytt tak. Evt. kan kommunen selja det i den tilstanden det er i.

Fusa Symjehall – prosjekt 241

All riving og oppbygging av nye konstruksjonar er på det nærmaste ferdig, og klar for fliselegging. Vidare prosjektoppføljing krev streng økonomistyring då vi alt no har brukt mykje av posten for uforutsett. Alle betongskadar er no avdekt, men reelle reperasjonskostnader er ikkje avrekna mot kontrakt. Prosjektet ser per dags dato ut til å bli 1,5 månadar forseinka.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
7 700 000					7 700 000

Eikhovdaheimen - Prosjekt 250

Arbeidstilsynet har gitt avslag om samtykke etter arbeidsmiljøloven på ombygging av Eikhovdaheimen. Tilsynet hadde 4 pkt. som grunnlag for avgjera. 3 av punkta er bagatellar, mens det 4 punktet skapar ein del problem.

Sintef/Byggforsk og Husbanken krev 1,4 meter fri plass på ei side, og 0,8 meter fri plass på andre side og gavll på seng i soverom. Dette kravet er oppfylt.

Arbeidstilsynet sin forvaltningspraksis krev 1,4 meter fri plass på alle 3 sider. Det er ikkje mogeleg å stetta dette kravet innanfor eksisterande bygningskropp.

Vedtaket er påklagd, men vi har bedt om oppstartsløyve der vi fjernar vegg, eller set opp ein lett demonterbar elementvegg mellom stue og soverom.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
9 300 000					9 300 000

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
036/12	Formannskapet	25.04.2012	ERV

Sakshandsamer: Erik Vangnes

Arkivsaknr 12/133

FUSALAUGET 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alternativ 1

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalaugget for å hjelpa fram lokale idrettsutøvarar som siktar mot verdstoppen i sine idrettar.

Formannskapet vel..... som kommunen sin representant i eit nytt styre for laugget.

Ordføraren får fullmakt til å teikna ein sponsoravtale med Fusalaugget med eit bidrag på inntil kr per år.

Alternativ 2

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalaugget og ønskjer å medverka til at dette vert etablert, men den dårlege kommuneøkonomien gjer at Fusa kommune ikkje kan medverka økonomisk i dette spleiselaget.

Formannskapet vel..... som kommunen sin representant i eit nytt styre for laugget.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2012 13:01:11	SKIPING AV NYE FUSALAUGET	43174
03.04.2012	PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I FUSA IDRETTSRÅD	43176
03.04.2012	VEDTEKTER FOR NYE FUSALAUGET	43175

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Årsmøte i Fusa idrettsråd har 25. mars teke initiativ til å blåsa nytt liv i Fusalauget for å støtta lokale idrettshåp som tevlar i seniorklassen på høgt internasjonalt nivå. Idrettsrådet vil ha kommunen med som sponsor og som støttespelar med representasjon i styret for lauet.

Fusalauget 2002 vart innstifta av Fusa kommune i 2000 for å hjelpa fram skiskyttrarar på veg mot verdstoppen, den gong Liv Grete Skjelbreid, Ann-Elen Skjelbreid og Liv Kjersti Eikeland. Det var eit tidsavgrensa prosjekt fram til OL i Salt Lake City i 2002. Fusa lauet hadde i alt 20 sponsorar som gav eit samla bidrag på kr 355.000,- over to år. Både økonomisk og resultatmessig var dette ein stor suksess. Målet var pallplasseringar i olympiaden og Fusa fekk 3 sølvmedaljar i Salt Lake!

Fusalauget vart formelt avvikla i april 2002.

Fusa idrettsråd vil bruka same modellen for å hjelpa fram nye idrettshåp. I første omgang er det Gudmund Snilstveit i triatlon/ iron man som treng økonomisk drahjelp for kunna satsa høgt internasjonalt nivå . Idrettsrådet ønskjer å stå for organiseringa av lauet, men ønskjer å ha kommunen med på laget. Rollene er slik bytt om sidan 2002.

Vurdering:

Fusalauget viste seg å vera effektiv måte å få økonomiske bidrag til ei toppidrettssatsing. Fusalauget fekk fram ein felles Fusa-identitet samtidig som det var ein god plattform som verksemder og bidragsytarar hadde tillit til.

Sjølv om kommunen ikkje skal vera drivkrafta i eit nytt Fusalaug, så er det viktig at kommunen er positiv og aktiv. Det vil gje status og gjennomslagskraft når ein skal ut å selga Fusalauget. Det blir også rett at Fusalauget i ny drakt også nyttar Fusa sin nye grafiske profil. Fusalauget gav mykje god Fusa-reklame i 2000/2002 og vil ganske sikkert også oppnå det same i 2012 og åra som kjem.

Idrettsrådet ønskjer å nytta Fusalauget for i første omgang å hjelpa fram ein spesiell utøvar; Gudmund Snilstveit i triatlon/ iron man.

Fusa har også andre utøvarar som tevlar internasjonalt; t.d. Camilla Straumsnes i karate og Ingvild Kvåle Bergesen i kulekøyring. Desse vil truleg også ha behov for økonomisk drahjelp. Dei er likevel i ein litt annan situasjon.

Gudmund Snilstveit må gjennom ein svært krevjande kvalifisering i internasjonale stemne for å nå målet om å koma seg til VM på Hawaii. Her må Gudmund dekkja alle kostnader sjølv og i utgangspunktet stiller han utan profesjonelt støtteapparat.

Rådmannen vil vi rå til at Fusa kommune stiller seg positiv til ei revitalisering av Fusalauget i 2012.

Samstundes er det grunn til å peika på at Fusa kommune vil ha ein krevjande økonomisk situasjon i åra som kjem. Kulturbudsjettet har vore på lågbluss i fleire år der ein m.a. ikkje gjev driftstilskot til lag og foreningar. Næringsfondet er også sterkt redusert. Rådmannen finn det difor riktig også leggja fram eit alternativt framlegg til vedtak i saka der Fusa kommune ikkje medverkar økonomisk.

Fusa kommune kan sjølvsagt velja å oppnemna ein representant til eit eventuelt nytt styre uavhengig om ein går inn med pengar i Fusalaugget eller ikkje.

Dersom ein vil løyva pengar til Fusalaugget bør ordføraren få fullmakt til å inngå ein eventuell sponsoravtale på ein gjeven sum. Fusa kommune sitt bidrag i Fusalaugget 2002 var kr 30.000,- per år over to år. Kostnaden vart då delt mellom kulturbudsjett og næringsfondet. For å få ein flygande start i 2012 burde kronebeløpet vera minst like stort.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
037/12	Formannskapet	25.04.2012	ERV

Sakshandsamer: Erik Vangnes

Arkivsaknr 12/274

FUSA KOMMUNE SOM MEDSKIPAR AV KYSTSOGEVEKENE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune ønskjer å gå inn som medstiftar i Stiftinga Kystsogevkene frå 2012. Formannskapet vel som fast medlem og som varamedlem i representantskapen i stiftinga for inneverande valperiode. Det vert løyvd kr 10.000,- som innskot i stiftingskapitalen. Pengane går frå kt 1.1721.3854.4701

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.03.2012	Stiftinga Kystsogevkene - representantskap	43007
03.04.2012	VEDTEKTER STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE, vedtatt mars 2012.pdf	43008

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Kystsogevkene i Hordaland har vore ein sentral kulturaktør i mange år. Kystsogevkene er initiert av Hordaland fylkeskommune og er stifta i samarbeid med kommunar i kystleia.

Kystsogevkene er ein kulturfestival som går over meir 20 kommunar frå medio august til medio september kvart år. I Kystsogevkene er det ulike typar arrangement frå historiske spel til konsertar, marknadsdagar og mykje meir. Det som er felles for arrangementa er ein felles profil og ei felles marknadsføring. Arrangørane nyt også godt av tilskot frå stiftinga til gjennomføring av lokal program.

Kystsovekeene har eit representantskap med representanter frå medlemskommunane. Representantskapen vel styre for stiftinga og styret er høgste organ. Styret står ansvarleg for drifta gjennom året i samarbeid med dagleg leiar. Den økonomiske drifta av Kystsovekeene er sikra gjennom tilskot frå Hordaland fylkeskommune og bidrag frå sponsorar.

Kommunane sitt bidrag er eit innskot i skipingskapitalen på kr 10.000,-. Ansvar for gjennomføringa av arrangementa ute i kommunane ligg lokalt og i dette ligg også lokal marknadsføring.

I 2012 er det aktuelt å skipa til ein kystkulturdag søndag 26. august i Sævareid med dei historiske miljøa på Engevikhamn og Engevik gard som råme for arrangementet. Tanken er at dette skal bli eit årleg innslag i Kystsovekeene og at det kan byggjast ut.

Det er også aktuelt å ha eit samarbeid med Os og Tysnes om eit arrangement på Kulturminnedagen 9. september. Tema her er møteplassar og det er aktuelt å ha ein rundtur på Bjørnafjorden med M/S Midthordaland. Kystsovekeene vil i år gå frå 11. august til 16. september.

Vurdering:

Det er etablert ein god dialog med Kystsovekeene. Årsmøte i stiftinga har alt gjort ei vedtektsendring som opnar for at Fusa og Kvinnherad kan vera fullverdige medlemmer alt frå 2012. I Sævareid er ein i full gang med å førebu eit kulturprogram søndag 26. august. Andre lokale arrangørar kan koma til med sine tilskipingar i Kystsovekeene i åra som kjem. Fusa har hatt og har ein spennande og variert kystkultur som det er vel verdt å visa fram.

Fusa-samfunnet kan få mykje att for å ta del i Kystsovekeene. Eit av resultatmåla for Fusa kommune i budsjettet for 2012 er at "Det skal stimulerast til kulturelt entreprenørskap, nye arrangement og varierte fritidsaktivitetar i nærmiljøa". Det å engasjera seg i Kystsovekeene kan vera med å verkeleggjera dette målet.

Når det gjeld representantskapen for stiftinga så er det vanlege at ordførar møter her, men ein kan også velja andre frå det politiske miljøet eller frå administrativ leiing. Valet vert gjort for valperioden og gjeld normalt for 4 år. Det bør oppnemnast varaperson.

Rådmannen vil rå til at det som ein eingangssum vert vert løyvd kr 10.000,- til skipingskapitalen i Stiftinga Kystsovekeene. Pengane går frå kt 1.1721.3854.4701.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
038/12	Formannskapet	25.04.2012	HOP

DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Saksframstilling:

DFOR GST
001/12:

**DELEGERT VEDTAK - -SKJENKELØYVE PÅSKEPUB
EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS 04.04.12 - INNVILGA**

Vedtak:

Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 04.04.12 til Eikelandsfjorden Samfunnshus i samband med påskepub . Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 2,5 OG HØYST 4,7 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")*
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7 OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "VIN")

SKJENKESTYRAR: JØRGEN FAGERTHUN

SKJENKETID: KL 19.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

DFOR GST
002/12:

**DELEGERT VEDTAK - SKJENKELØYVE - BREIDABLIKK PUB
07.04.12 SÆVAREIDFJORDEN UNGDOMSLAG INNVILGA**

Vedtak:

Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 07.04.12 til Sævareid Ungdomslag, Breidablik i samband med påskepub . Jf. alkoholova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: BREIDABLIKK, SÆVAREID UNGDOMSLAG

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")*

SKJENKESTYRAR: TORE ROLLAND

SKJENKETID: KL 21.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.